

Endring av overordna samarbeidsavtale mellom xx kommune og Helse Førde.

Dette dokumentet er eit tilleggskdokument til overordna samarbeidsavtale, og endrar kapittel 3.1, 3.2 og 3.3 i tillegg til å tilføye ei femte prioritert pasientgruppe. Dette tilleggskdokumentet er å sjå på som ei tilpassing av overordna samarbeidsavtale for å kunne endre strukturen i helsefellesskapet.

Revisjon av overordna samarbeidsavtale skal initierast innan utløpet av 2026.

Ny prioritert pasientgruppe – tilføyning i kapittel 3.0

Partnarane er samde om å tilføye kvinner gjennom svangerskap, fødsel og barseltid som vår femte prioriterte pasientgruppe.

3.1 Partnarskapsmøte – endring av 3.punktum

Forumet har møte ein gang i året.

3.2 Strategisk samarbeidsutval

Partnarane er samde om at strategisk samarbeidsutval er det øvste strategiske utvalet som skal ha ansvar og arbeidsform som omtalt. Partnarane er samde om likt tal medlemmer frå kvar av partane, og strategisk samarbeidsutval gjer vurdering av om talet medlemmer skal endrast i høve dagens tal. Kravet om gjennomgåande representasjon frå fagleg samarbeidsutval fell bort. Felles brukarutval får tilbod om to faste representantar, og ein inviterer observatørar frå KS og Statsforvaltaren.

Som eit bindeledd mellom strategisk samarbeidsutval (SSU) og dei nye faglege samarbeidsutvala er partnarane samde om å opprette eit *Arbeidsutval (AU)*. AU blir beståande av leiar og nestleiar av SSU, interkommunal samhandlingskoordinator og samhandlingssjef Helse Førde. AU møtes ved behov, og leiar av SSU er leiar av AU. AU følgjer opp og koordinerer saker med dei faglege samarbeidsutvala, men kan ikkje vedta saker som får driftsmessige eller økonomiske konsekvensar for partnarane.

3.3 Fagleg samarbeidsutval

Partnarane er samde om å knyte faglege samarbeidsutval (FSU) til innsatsområda til helsefellesskapet sin strategi. FSU får mandat og oppdrag frå strategisk samarbeidsutval (SSU), og FSU rapporterer til SSU.

Avtaletid

Endringsavtalen trer i kraft frå 01.01.2026, og gjeld fram til ein av partnarane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, eller til partnarane vert samde om å endre eller seie opp denne endringsavtalen.